



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunal og regionaldepartementet
v/Marianne Riise
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

FYLKESORDFØRAREN


Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		43230/2010/010	Ingunn Bekken Sjøholm	08.09.2010

Svar på høyring om DIFI rapport om sentral valeining

Møre og Romsdal fylkesutval behandla ovannemnde sak i møte 30. august 2010 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. *Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om å etablere ei eiga eining for førebuing og gjennomføring av val.*
2. *Møre og Romsdal fylkeskommunen støttar forslaget om å organisere eininga som direktorat med lovfesta ansvar for å førebu og gjennomføre val.*
3. *Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om å etablere uavhengig klagenemnd for behandling av klager på tilskott og gjennomføring av lokalval.*
4. *Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår at slik uavhengig klagenemnd som nemnd i pkt 3 blir etablert uavhengig av korleis departementet følgjer opp dei andre forslaga i Difi-rapporten.*
5. *Møre og Romsdal fylkeskommune oppmoder om at spørsmål om lokalisering av den nye eininga blir vurdert på eit breitt geografisk grunnlag.*

Kopi av saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing

Olav Bråtland
fylkesordførar



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
24.06.2010	32787/2010	Kristine Svendsen

Saksnr **Utval** **Møtedato**
 Fylkesutvalet

Høyring – " Valgets Kval? Utredning for etablering av en sentral valgenhet".

Bakgrunn:

Etter oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) lagt fram ein rapport med framlegg om at det blir etablert ei sentral valeining organisert som eit direktorat - Difi rapport 2010:3 Valgets kval? Utredning for etablering av sentral valgenhet.

Den nye eininga skal overta delar av departementets oppgåver med førebuing og gjennomføring av val. Forslaget går ut på at den nye eininga får status som direktorat og slik blir både eit kompetanseorgan for brukarane og fagleg rådgivar for departementet. I følgje rapporten er følgjande oppgåver aktuelle for overføring til det nye direktoratet:

- Fatte enkeltvedtak etter vallova m/forskrifter
- Utarbeide forskrifter av teknisk art
- Vere sekretariat for riksstyret
- Initiere forsøk
- Drive utviklingsarbeid, t.d. evaluere val og utvikle valdataprogram
- Drive informasjon og rettleiing
- Leggje praktisk til rette for valgjennomføring, t.d sørge for valmateriell til førehandsrøysting innanriks og utanriks

Den nye eininga skal leggjast utanfor Oslo, i samsvar med regjeringa Stoltenberg si regjeringserklæring frå oktober 2009 om statlege nyetableringar.

Den nye eininga skal vere etablert innan 01.01.2012. Rapporten anslår at direktoratet vil ha behov for 13 – 15 medarbeidarar. Av desse vil 8 stillingar overførast frå KRD.

Någjeldande organisering av valadministrasjonen:

Vi har val annakvart år, stortingsval/sametingsval i same år og kommunestyre- og fylkestingsval i same år. Både stat, fylkeskommune og kommune er involvert i valgjennomføringa.

Kommunane har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av val både til storting, sameting, fylkesting og kommunestyre. Dette inneber ajourhald av manntal, stemmemottak, oppteljing av stemmer og valoppgjør/mandatfordeling ved kommunestyreval.

Fylkeskommunane skal kontrollere kommunane si gjennomføring av stortingsval og fylkestingsval, foreta valoppgjær og fordele mandata ved fylkestingsval og fordele distriktsmandata ved stortingsval.

Både kommunane og fylkeskommunane tek imot og godkjenner listeforslag, sørger for opptrykking og distribusjon av stemmesedlar og rapporterer valresultat til departementet og statistisk sentralbyrå.

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvar for regelverk, rettleiings- og informasjonsmateriell og sørger for system for innhenting av valresultat. Departementet er klageinstans i alle saker ved kommune- og fylkestingsval.

Riksvalstyret er klageinstans for alle saker som vedkjem stortingsval og fordeler også utjamningsmandata.

Vurdering

Behov for endring?

Møre og Romsdal fylkeskommune har nytta dataprogram til kontrollen og valoppgjæret sidan stortingsvalet i 2005. Ved lokalvalet i 2007 erfarte vår fylkeskommune på same måte som fleire andre fylke og mange kommunar at dataprogrammet som var brukt ved kontrollen, registrerte personstemmene feil. Dette medførte mykje ekstra arbeid og viste tydeleg kor sårbar teknikken kunne vere. Ved stortingsvalet i 2009 opplevde vi at det var att berre ein leverandør i markedet – noko som medførte prisauke for vår del på om lag 30 % totalt for valoppgjæret. Prisauka på valdataprogramma var isolert sett høgare.

Det som skjedde ved lokalvalet i 2007 viste at programvaren som var utvikla av private aktørar ikkje var tilstrekkeleg kvalitetssikra. Både dei private Ikt-aktørane og kommunar og fylkeskommunar har ved mange høve peikt på manglande standardar og godkjenningar for programvare som skal brukast ved avvikling av val. Hendelser som denne i 2007 vil kunne svekke tilliten til valgjenomføringa og på sikt kunne føre til svekka respekt for valresultatet og for demokratiet.

På denne bakgrunn har KRD påteke seg ansvaret for å utarbeide og tilby alle kommunar eit felles valdatasystem. Møre og Romsdal fylkeskommune er svært tilfreds med at KRD har påteke seg denne oppgåva.

Det framgår av Difi-rapporten at grunngivinga for å etablere ny valeining utanfor KRD er 2-delt. Dels er framlegget grunngitt i den tekniske utviklinga som er nemnd ovanfor og som krev anna kompetanse og fleire ressursar enn det KRD kan forvente å ha. Den andre og minst like viktige grunngiving for framlegget er dei spørsmål som internasjonale valobservatørar har stilt ved nærleiken mellom den politiske leiinga og det administrative ansvaret for gjennomføringa av val.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil understreke kor viktig det er å oppretthalde den tillit som veljarane har til at val blir gjennomført på ein politisk nøytral måte. Departementet er leia av statsråden som er konstitusjonelt ansvarleg for departementets verksemd. På denne bakgrunn vil Møre og Romsdal fylkeskommune støtte framlegget om å skilje arbeidet med val ut frå departementet.

Direktoratsmodell

Difi-rapporten tilrår at valeininga blir organisert som eit direktorat og at det blir vurdert å gjere direktoratet meir sjølvstendig i forhold til KRD enn det som vanlegvis følgjer av ei slik organisering.

Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til dette og meiner at følgjande tiltak bør iverksetjast for å sikre størst mogleg fagleg uavhengighet:

- Lovfeste direktoratets kjerneoppgåver for å markere at dei aktuelle oppgåvene skal utførast av eit uavhengig fagorgan.
- Opprette uavhengig klagenemnd som ikkje kan instruerast av departementet. Både klager i tilskotssaker og klager som gjeld gjennomføring av lokalval bør behandlast av ei slik nemnd.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det er av vesentleg betydning for tilliten til valg gjennomføringa at klagebehandling blir gjort av eit politisk nøytralt organ. Vi vil difor peike på at eit slik uavhengig klageorgan som foreslått i Difi-rapporten bør opprettast uansett utfall av departementets vurdering av rapporten.

Lokalisering

I rapporten er det lagt til grunn at den nye eininga skal leggjast utanfor hovudstaden og at det i dette tilfellet ikkje er grunnlag for å gjere unntak frå dei generelle føresetnadane om at nye statlege verksemder skal lokalisert utanfor Oslo.

I rapporten er det vidare lagt til grunn at arten av verksemd som det er tale om i dette tilfellet tilseier at det blir fastsett visse kriterier for stadval. Kriteria er:

- Gode fysiske og teknologiske kommunikasjonsmoglegheiter.
- Begrensa reisetid frå Oslo.
- Tilgang til nødvendig kompetanse (juridisk og IT-kompetanse)
- Vere mogleg å samlokalisere med anna statleg (eventuelt anna offentleg verksemd) for å utnytte felles administrative ressursar.

Kunnskap om nasjonale og internasjonale reglar om val er sentralt for denne eininga. KRD innehar denne kunnskapen og det er viktig å sikre at den nye eininga får overført denne kompetansen. Vi vil likevel peike på at kunnskap om og erfaring med den praktiske gjennomføringa av val også er viktig. Denne kompetansen finns fleire stader og kan tale for at geografisk nærleik til hovudstaden ikkje treng vere avgjerande for å byggje eit kompetansemiljø. I samband med dette vil vi også peike på at IT-kompetanse er spreidd utover landet, og vi vil nemne at det er IT-miljøet ved NTNU i Trondheim som arbeider med tryggleiksløysingar for e-valsprosjektet 2011. Møre og Romsdal fylkeskommune vil difor oppmode om at lokalisering blir vurdert på breitt grunnlag.

Forslag til vedtak

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om å etablere ei eiga eining for førebuing og gjennomføring av val.
2. Møre og Romsdal fylkeskommunen støttar forslaget om å organisere eininga som direktorat med lovfesta ansvar for å førebu og gjennomføre val.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om å etablere uavhengig klagenemnd for behandling av klager på tilskott og gjennomføring av lokalval.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår at slik uavhengig klagenemnd som nemnd i pkt 3 blir etablert uavhengig av korleis departementet følgjer opp dei andre forslaga i Difi-rapporten.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune oppmoder om at spørsmål om lokalisering av den nye eininga blir vurdert på eit breitt geografisk grunnlag.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Gudmund Lode
juridisk sjef

Uprenta vedlegg: Difi rapport 2010:3 Valgets Kval? Utredning for etablering av en sentral valgenhet.
http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Rapporter/2010/difi_valgeining.pdf